



Økodrift Homlagarden AS  
Aksnesvegen 70  
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Einar Nesse Johnsen, 5764 3132

## Løyve etter forureiningslova for fjørfeslakteri på lokaliteten Aksnesvegen 70 i Kvam herad

---

**Fylkesmannen gir Økodrift Homlagarden AS løyve etter forureiningslova til fjørfeslakteri i Kvam herad. Det er gjeve løyve til lokalt utslepp av prosessavløpsvatn til bekk (resipient). Det skal opprettast eit program for utsleppskontroll.**

---

Vi viser til søknad av 29.03.2018 om løyve etter forureiningslova.

Fylkesmannen gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16, og følgjer vedlagt. Fylkesmannen har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre til. Ved fastsetjing av vilkåra har Fylkesmannen lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Vi har vurdert tiltak som fører til fare for forureining av vatn etter vassforskrifta §§ 4-6, der føremålet er å halde ved lag og, om nødvendig, betre miljøtilstanden i elver, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. Vi har også lagt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn ved vurdering etter forureiningslova.

Dei utsleppa som vi reknar med har størst verknad på miljøet har vi regulert gjennom særskilde vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagde under saksbehandlinga eller på annan måte må reknast å ha vore kjende då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av dei prioriterte stoffa som er oppførde i vedlegg 1.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilde vilkår.



Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere baserte på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring av vilkår i løyvet må derfor liggje føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført.

At vi har gitt løyve til forureininga frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for skader, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å halde krava i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.lovdatabase.no](http://www.lovdatabase.no).

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter, er straffbare.

I dei tilfella der det er krav både i løyve og i forskrift er det dei krava som er strengast av forskrifta og løyvet som gjeld.

#### *Offentleggjing av løyvet*

Vedtaket om løyvet vil bli offentliggjort på [www.fylkesmannen.no/vestland](http://www.fylkesmannen.no/vestland). Løyvet og kontrollrapportar er også offentleg tilgjengeleg på [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

#### *Tilsyn*

Fylkesmannen vil gjennomføre tilsyn med verksemda med jamne mellomrom. Tilsynsfrekvensen vil avhenge av risikopotensialet til verksemda, og korleis verksemda stettar krava som gjeld for drifta.

### **Bakgrunn og søknad**

Søknaden gjeld løyve til forureining frå fjørfeslakteri på gardsnummer 4 og bruksnummer 38 i Kvam herad. Driftsbygget ligg i eit gardstun og har kort avstand til naboar. Det er søkt om ein årleg produksjon på inntil 600 tonn økologisk fjørfeslakt. Prosessvatnet skal reinsast med eige reinseanlegg og sleppast ut som punktutslepp direkte til resipient.

### **Saksgang**

Søknaden har vore på offentlig høyring i Hordaland Folkeblad og på nettsida til Fylkesmannen. Søknaden vart også send til Kvam herad og Kvinnherad og Hardanger fiskarlag for uttale. Det kom inn 1 fråsegn frå den offentlege høyringa. Fråsegna kom frå Kvam herad.

#### *Uttale frå Kvam herad*

Kvam herad har i si fråsegn av 27.09.2018 nemnt at verksemda må ta omsyn til jord og flaumskred sidan bekken langs anlegget er markert på aktsemdkart frå NVE. Vidare informerer dei om at det mellom fylkesvegen og sjøen ligg ein campingplass, nokre fritidseigedomar og frukttré. Dei kan ikkje sjå at utslepp frå verksemda vil ha negative konsekvensar for miljøet i området.



## Fylkesmannen si vurdering og grunngiving

Fylkesmannen meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne gjere vedtak i saka. Vi har teke omsyn til innkomne uttaler, og lagt desse til grunn ved utforming av løyvet.

### *Forhold til plan*

Arealet er i gjeldande arealplan for Kvam herad oppført som LNFR område. Under søknadsperioden var område oppført som LNF-L. Kvam herad gav 04.01.2018 dispensasjon frå LNF-L-føremålet for oppføring av slakteriet på landbrukseigedomen. Det blei då sett krav til at verksemda søkte Fylkesmannen om løyve til utslepp.

### *Utslepp til vatn*

Anlegget vil ha utslepp til vatn. Utsleppet vil bestå av reinsa prosessvatn frå drifta og vatn frå biologisk reinsing av sanitærvatn. Det er søkt om eit utslepp på 2,5 m<sup>3</sup>/time, med eit forventa utslepp på 1,5 m<sup>3</sup>/time og ei årleg mengd på 1500 m<sup>3</sup>. Prosessavløpsvatnet skal sleppast ut i ein bekk ca. 200 meter frå fjorden. Utsleppsvatnet skal ha ein pH mellom 6 og 9.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021. Fylkesmannen skal ikkje tillate aktivitetar som gir dårlegare miljøtilstand enn god økologisk tilstand.

Utsleppspunktet er i ein 2 meter djup kum som ligg ca. 10 meter frå nordvestsida av bygget. Kummen har avrenning til bekk (vassførekomst *Bekkefelt ved Framnes* 052-254-R<sup>1</sup>) som strekkjer seg ca. 380 meter før den går ut i Samlafjorden (vassførekomst *Samlafjorden* ID: 0260040800-C<sup>2</sup>).

I søknaden er bekken oppgitt som «liten bekk utan namn». I Vann-nett har han i ettertid fått namn «Bekkefelt ved Framnes». Vasskvaliteten i Bekkefelt ved Framnes (052-254-R) har ifølgje data i Vann-Nett god økologisk tilstand medan kjemisk tilstand er udefinert på grunn av manglande data. Bekken går gjennom eit område med LNFR-føremål, via vegkulvert under riksveg 49 Vikøyvegen, mellom fritidseigedomar og ein campingplass (Yngve Fonneland Bu) før han går ut i sjø. Han har ei vassføring på minimum 0,5 m<sup>3</sup>/time, normal vassføring på 5 m<sup>3</sup>/time og ei maksimal vassføring på 1000 m<sup>3</sup>/time. Det blir også oppgitt at bekken kan vere tørrlagd delar av sommaren. Vatnet i bekken stammar frå skog, utmark, beiteareal og innmark frå fire gardsbruk med konvensjonell gardsdrift. Bekken går gjennom biotopen edellauvskog med noko furu som inneheld eit rikt dyreliv. Utsleppet er ikkje i konflikt med registrerte viktige naturområde eller trua artar. Utsleppet vil truleg ikkje føre til auka eutrofiering sidan vatnet i bekken allereie stammar frå næringsrikt avrenningsvatn frå jordbruk. Mogleg påverknad på fisk og anna ferskvassliv i bekken er vurdert til å vera liten.

Bekken renn ut på vestsida av Samlafjorden som i Vann-nett er klassifisert som beskytta fjord. Han har moderat opphaldstid for botnvatn. Registrerte påverknader er diffus avrenning frå jordbruk, fiskeoppdrett og punktutslepp frå industri og kommunale reinseanlegg. Det som finst av informasjon om påverknader og overvakingsdata for den generelle miljøtilstanden i fjorden tyder samla sett på ein god økologisk tilstand per i dag, og at det ikkje er risiko for å bryte med miljømålet i vassforskrifta om å oppretthalde tilstand «god».

Fylkesmannen vurderer at med dei reinsetiltak og krav som er sette, så vil utslepp frå verksemda ikkje vere til hinder for at miljømålet for vassførekomstane blir nådd.

<sup>1</sup> <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/052-254-R>

<sup>2</sup> <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0260040800-C>



### *Vurdering etter naturmangfaldlova*

Nokre registrerte naturverdiar i området er tilgjengelege som registreringar i Fylkesatlas<sup>3</sup>, Naturbase<sup>4</sup> og Artskart<sup>5</sup>, og kunnskap frå søkjar. Vurderinga vår er at ei etablering av eit økologisk fjørfeslakteri på Aksnes i liten grad vil kunne komme i konflikt med desse naturverdiane.

Kunnskapen om naturmangfaldet i denne resipienten er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Verknaden av utsleppa av næringssalt og organisk materiale på resipienten er vurdert til å vera liten, så langt utsleppa følgjer reinsetiltak og krav i løyvet. Fylkesmannen vurderer tiltaket til å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Den største belastninga på resipienten er utslepp av næringssalt og finpartikulært organisk materiale frå landbruk. Det er ikkje truleg at utsleppet frå slakteriet vil føre til ei auke belastning på naturmangfaldet i resipienten (naturmangfaldlova § 10).

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Økodrift Homlagarden AS pliktar å ta i bruk miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

### *Utsleppskontroll*

Verksemnda er sjølv ansvarleg for å velje passende frekvens for prøvetaking av prosessavløpsvatnet.

Verksemnda skal ha eit program for utsleppskontroll, jf. vilkår 10.4 i utsleppsløyvet. Dette måleprogrammet skal inngå i den dokumenterte internkontrollen. I programmet skal verksemnda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (vilkår 10.1 første ledd), korleis utsleppskontrollen vert gjennomført (vilkår 10.2) og kvalitetssikring av målingane (vilkår 10.3).

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

### *Reinsing*

Prosessavløpsvatnet skal reinsast i verksemnda sitt reinseanlegg. Reinseanlegget består av slamavskiljar, feittutskiljar og to partikkelfilter; eit mekanisk filter med 200 µm maskeopning og eit posefilter med 25 µm maskeopning. Alle golvslukar som er tilknytt avløpet skal ha slukrist.

Feittutskiljaren skal vere kopla på avløpsstraumen for å hindre utslepp av feitt til resipient. Han skal vera dimensjonert og installert etter gjeldande Norsk Standard (NS 1825-1 og NS 1825-2).

Oppsamla organisk materiale frå filtrering skal tømmast regelmessig og handterast som avfall. Alle filter knytt til reinseprosessen skal kontrollerast kvar månad. Det skal utførast ein årleg kontroll av utstyr for partikkelreinsing av utsleppsvatn. Det skal jamleg førast kontroll av feittutskiljar, minimum to gonger kvart år. Rutinar for kontroll av reinsesystemet skal vera dokumentert i verksemnda sitt internkontrollsystem.

---

<sup>3</sup> <https://www.fylkesatlas.no/>

<sup>4</sup> <https://kart.naturbase.no/>

<sup>5</sup> <https://www.artsdatabanken.no/>



Reinsa prosessavløpsvatn skal ikkje innehalda høgare konsentrasjonar av stoffa enn det som er lista opp i utsleppsløyvet vilkår 3.1.

Ved havari/straumstans skal slakteprosessen straks avsluttast og utsleppet stansast. Slaktearbeidet skal ikkje startast opp at før problemet er utbetra. Det skal opprettast ei avviksmelding som skildrar kva som har skjedd og kva konsekvens utilsikta utslepp har hatt for ytre miljø.

#### *Utslepp til luft*

Det er ikkje venta av verksemda skal medføre sjenerande lukt eller støv til omgjevnadene. Diffuse utslepp frå organisk avfallshandtering, produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes lagerområde for lossing og lasting, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

#### *Støy*

Verksemda ligg i eit landbruksområde der det er lagt til rette for denne type aktivitetar. Det er ikkje venta at verksemda vil bidra nemneverdig til støy til miljøet for eksisterande, støyutsette eigedomar. I løyvet har vi sett standardkrav for støy som gjeld for industri. Nemningane følgjer definisjonen i T-1442/2016 (Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging). Støygrensene er sett som gjennomsnittsnivå (ulikt for ulike tider på døgnet). Rett støy nivå kan ein difor berre finne ut ved kombinasjon av måling og utrekning. Merk at for måling av industristøy må ein følgje metoden i M-290/2015 (Måling av støy frå industri. Immisjonsmålemetode). Merk også at for industristøy gjeld grenseverdien for gjennomsnittsverdi per døgn eller del av døgn (ikkje per år som i oversiktskartlegging etter plan- og bygningslova). Verksemda plikter å halde grenseverdiane for støy heile døgnet.

#### *Utslepp av kjemikal*

Slakteriet vil ha jamleg utslepp av kjemikal frå produksjonen, som til dømes desinfeksjonsmiddel og vaskemiddel. For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikalet og påverknaden utslepp har på ytre miljø.

Verksemda skal jamleg vurdere om kjemikalet kan bytast ut med eit meir miljøvenleg alternativ, jf. vilkår 6 tredje ledd i utsleppsløyvet.

#### *Avfall*

Det er lagt ved ein avfallsplan i søknaden. Slakteavfall og kadaver skal leverast til Norsk Protein. Papp, plast, ordinært avfall og farleg avfall skal leverast til BIR. Krav til handtering av avfall er nærare formulerte i vilkår 9 i utsleppsløyvet.

## **Konklusjon**

Fylkesmannen har kome fram til at fordelane ved verksemda er større enn eventuelle negative konsekvensar som følgjer av forureining frå anlegget. Dersom aktivitetane blir drifta med gode rutinar og i samsvar med vilkåra i løyvet, vil miljøtilhøva bli ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Fylkesmannen gir derfor Økodrift Homlagarden AS løyve etter forureiningslova.



Det er viktig at følgjer opp produksjonen med dokumentasjon av utslipp og reinsegrad (program for utslippskontroll).

## Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet:

Tiltak	Frist	Referanse til vilkår
Årsrapport via Altinn	1. mars årleg	10.5

## Vedtak om sakshandsamingsgebyr

Fylkesmannen tek sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Verksemda skal betale 33.300 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

## Rett til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjerd. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Fylkesmannen i Vestland innan tre veker.

Partane har, med visse avgrensingar, rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil også kunne gi andre opplysningar om saksbehandlingsreglar og andre reglar av verknad for saka.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Einar Nesse Johnsen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1. Løyve etter forureiningslova
2. M-1113/2018 - Miljøkrav til slakterier og kjøttbearbeidende industri



Kopi til:  
Kvam herad  
Mattilsynet

Grovagjelet 16  
Postboks 383

5600  
2381

NORHEIMSUND  
BRUMUNDDAL



## Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under sakshandsaminga. Vilkåra går fram av side 3 til og med side 12.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftstilhøve som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Fylkesmannen for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Data om verksemda

Verksemd	Økodrift Homlagarden AS
Stad/gateadresse	Aksnesvegen 70
Postadresse	5600 Norheimsund
Kommune og fylke	Kvam i Vestland
Org. nummer (verksemd)	991 881 255
Lokalisering av anlegg	60° 20,247' N 06° 12,762' Ø
Gards- og bruksnummer	4, 38
NACE-kode og bransje	10.130 - Produksjon av kjøtt- og fjørfevarer
Kategori for verksemda <sup>1</sup>	<i>Ikkje aktuelt</i>

### Fylkesmannens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Ephortenummer
2020.0557.T	4622.0089.01	2018/2021

Løyve gitt første gong: 11.06.2020	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
Sissel Storebø seksjonsleiar		Einar Nesse Johnsen rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk*

<sup>1</sup> Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forurensningsforskriften) kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven



**Innhald**

<b>1</b>	<b>Ramma for løyvet .....</b>	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>Generelle vilkår .....</b>	<b>4</b>
2.1	Avgrensing av utslepp .....	4
2.2	Plikt til å halde grenseverdiar .....	4
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg .....	4
2.4	Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt .....	4
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald .....	4
2.6	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare .....	5
2.7	Internkontroll .....	5
<b>3</b>	<b>Utslepp til vatn .....</b>	<b>5</b>
3.1	Utsleppsavgrensingar .....	5
3.1.1	Utslepp frå punktkjelder .....	5
3.1.2	Utsleppsreducerande tiltak .....	6
3.2	Utsleppspunkt for prosessavløp .....	6
3.3	Kjølevatn .....	6
3.4	Sanitæravløpsvatn .....	6
<b>4</b>	<b>Utslepp til luft .....</b>	<b>6</b>
4.1	Lukt .....	6
4.1.1	Luktavgrensing .....	6
4.1.2	Luktrisikovurdering .....	6
4.1.3	Førebyggjande tiltak og driftsplan .....	7
4.1.4	Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og registrering av klage .....	7
<b>5</b>	<b>Grunnforureining og forureina sediment .....</b>	<b>7</b>
<b>6</b>	<b>Kjemikal .....</b>	<b>7</b>
<b>7</b>	<b>Støy .....</b>	<b>8</b>
<b>8</b>	<b>Energi .....</b>	<b>8</b>
8.1	Energileiing .....	8
8.2	Utnytting av overskotsenergi .....	8
8.3	Spesifikt energiforbruk .....	9
<b>9</b>	<b>Avfall .....</b>	<b>9</b>
9.1	Generelle krav .....	9
9.2	Handtering av farleg avfall .....	9
9.3	Handtering av produksjonsavfall .....	9
<b>10</b>	<b>Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen .....</b>	<b>9</b>
10.1	Kartlegging av utslepp .....	9
10.2	Utsleppskontroll .....	10
10.3	Kvalitetssikring av målingane .....	10
10.4	Program for utsleppskontroll .....	10
10.5	Rapportering til Fylkesmannen .....	11
<b>11</b>	<b>Førebyggjande tiltak og beredskap mot akutt forureining .....</b>	<b>11</b>
11.1	Miljørisikoanalyse .....	11
11.2	Førebyggjande tiltak .....	11
11.3	Etablering av beredskap .....	12
11.4	Varsling om akutt forureining .....	12
<b>12</b>	<b>Granskingar og utgreiingar .....</b>	<b>12</b>
<b>13</b>	<b>Utskifting av utstyr .....</b>	<b>12</b>
<b>14</b>	<b>Eigarskifte .....</b>	<b>12</b>
<b>15</b>	<b>Nedlegging .....</b>	<b>12</b>
<b>16</b>	<b>Tilsyn .....</b>	<b>13</b>
<b>VEDLEGG 1</b>	<b>.....</b>	<b>14</b>

**Endringslogg**

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar

# 1 Ramma for løyvet

Løyvet gjeld forureining frå slakt av fjørfe med produksjonsramme på inntil 600 tonn per år.

## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Avgrensing av utslepp

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er vurderte å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalte eller regulerte i vilkåra i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagde fram i samband med sakshandsaminga, eller må reknast å ha vore kjende på annan måte då dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom det går tydeleg fram av vilkåra i løyvet.

### 2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader, dette gjeld også for støy<sup>2</sup>. Denne plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett eintydige grenser for gjennom vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået, som eit minimum, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

### 2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr, må det nye utstyret tilfredsstillе prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT) med sikte på å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet.

Dersom verksemda ønskjer å endre utsleppspunktet som er fastlagt i vilkår i løyvet, må de søke om løyve til dette.

### 2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for slike utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

---

<sup>2</sup> Jf. [forureiningslova § 2](#), som gir generelle retningslinjer for å verne det ytre miljøet mot forureining.

## 2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår auka fare for auka forureining, pliktar verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, å setje i verk tiltak som er naudsynte for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om naudsynt må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få noko å seie for forureining av miljøet. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med vilkår 11.4.

## 2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift<sup>3</sup>.

Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av vilkår 11.1.

# 3 Utslepp til vatn

## 3.1 Utsleppsavgrensingar

### 3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ha punktutslepp til vatn. Utsleppsvatnet skal ikkje ha høgare konsentrasjonar av komponent enn det som er lista opp i tabellen nedanfor.

Tabell 1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar utan krav om målingar, men med krav om årleg vurdering, jf. vilkår 10.2

Kjelde	Komponent	Utsleppsgrense mg/l	Utsleppsgrense kg/døgn	Gjeld frå
Produksjon	BOF <sub>5</sub>	200	6	11.06.2020
	KOF-Cr	300	9	11.06.2020
	Fosfor tot	10	0,3	11.06.2020
	Nitrogen tot	30	0,9	11.06.2020
	Suspendert stoff	100	3	11.06.2020
	Feitt	50	1,5	11.06.2020
	pH	6 – 9		11.06.2020

Grensene for utslepp er gjeve som maksimalverdiar for einskildmålingar og er gjennomsnittsverdiar per døgn. Fylkesmannen vil på bakgrunn av ny kunnskap eller ny teknologi kunne fastsetje strengare grenser og/eller krav om målingar.

Det er lagt til grunn at eventuelle prøvar vert tekne i leddet mellom reinseanlegg og resipient.

<sup>3</sup> [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskrifta\) av 06.12.1996, nr. 1127.](#)

### 3.1.2 Utsleppsreducerande tiltak

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes avrenning frå lagerområder og område for lossing/lasting som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemdas uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrenser fastsett i punkt 3.1.1 vert haldne.

Oppsamla organisk materiale frå filtrering skal handterast som avfall og tømmast regelmessig. Alle filter knytt til reinseprosessen skal kontrollerast minimum kvar månad. Det skal utførast ein årleg kontroll av utstyr for partikkelreinsing av produksjonsvatnet.

Feittavskiljaren og slamavskiljaren skal ha regelmessig tømming, minimum to gonger kvart år. Rutinar for kontroll av rensesystemet skal vera dokumentert i verksemda sitt internkontroll.

Eventuelt søl i samband med produksjonen skal samlast opp før vasking/spyling av lokala. Alle sluk skal utstyrt med rister, siler og oppsamlingskorgar og liknande. Avfall skal ikkje førast til avløpsanlegget.

### 3.2 Utsleppspunkt for prosessavløp

Prosessavløpsvatnet skal førast ut i kum med avrenning til bekk (*Bekkefelt ved Framnes 052-254-R*). Utsleppet skal skje på ein slik måte at innblandinga i vassmassane vert best mogleg, til dømes gjennom bruk av diffusor, røyrutforming, utsleppshastigheit.

### 3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

### 3.4 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

## 4 Utslepp til luft

### 4.1 Lukt

#### 4.1.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulempar til omgjevnadene vert avgrensa mest mogleg.

#### 4.1.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i samsvar med tilrådingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar av utstyr og endra produksjonstilhøveforhold, skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

### 4.1.3 Førebyggjande tiltak og driftsplan

På bakgrunn av luktrisikovurderinga skal verksemda setje i verk luktrisikoreduserande tiltak. Verksemda skal ha ein driftsplan som sikrar at drifta fører til avgrensa luktulempar. Planen skal vere utarbeidd i samsvar med tilrådingane gitt i vedlegg 4 i Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar av utstyr og endra produksjonstilhøve, skal driftsplanen oppdaterast.

Verksemda skal dagleg føre driftslogg, for å kunne dokumentere at driftsplanen vert følgd.

### 4.1.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og registrering av klage

Verksemda skal ha ein plan for handtering av lukthendingar og ein kommunikasjonsplan som er i samsvar med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*.

Verksemda skal informere Fylkesmannen og naboar når det vert planlagt aktivitet som kan føre til mellombels auka luktbelastning. Det same gjeld dersom svikt i utstyr eller liknande kan føre til auka luktplager.

Verksemda skal ha eit system for registrering av innkommande luktklager som skal knyttast til stad og tid. Klagen skal vurderast mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal skildrast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboar, og han skal rapporterast til Fylkesmannen i samsvar med vilkår 10.5.

## 5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at grunnen ikkje vert forureina på ein måte som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller som skal hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal kontrollerast med jamne mellomrom og haldast ved like. Denne plikta gjeld tiltak som kan jamførast med skadane og ulempene som skal hindrast.

Verksemda pliktar å halde oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreieing av forureining og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

## 6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det med bakgrunn i testing eller anna relevant dokumentasjon er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukte, og om det finst alternativ. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk

og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst betre alternativ, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe<sup>4</sup>.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket<sup>5</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

## 7 Støy

Slakteriet sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtrykknivå<sup>6</sup> ved mest støyutsette fasade:

Alternativ	Måndag-fredag	Kveld måndag-fredag	Laurdag	Sun-/hellegdagar	Natt	Natt
A	55 $L_{den}$	50 $L_{evening}$	50 $L_{den}$	50 $L_{den}$	45 $L_{night}$	60 $L_{AFmax}$

$L_{den}$  angir A-veia gjennomsnittsnivå for døgn (dag-kveld-natt / day-evening-night) med straffetillegg på 5 dB på kveld og 10 dB på natt.

$L_{evening}$  er A-veia ekvivalentnivå for kveldsperioden kl. 19-23.

$L_{night}$  er A-veia ekvivalentnivå for 8-timersperioden frå kl. 23- 07.

$L_{AFmax}$ , som er gjennomsnittleg A-veia maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som blir etablert etter at støygrensene trådde i kraft.

## 8 Energi

### 8.1 Energileiing

Verksemda skal ha eit styringssystem for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg effektiv produksjon og drift i anlegget. Systemet for energileiing skal utarbeidast i samsvar med Norsk Standard for energileiing, NS-EN ISO 50001, og det skal inngå i verksemda sin internkontroll, jf. vilkår 2.7.

<sup>4</sup> Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloval) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

<sup>5</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

<sup>6</sup> Lydtrykknivået vert i tabellen uttrykt etter desibel-skalaen (dB) med nemningane "DEN", "evening" "night" og "AFmax". Nemningane er nærare definert i T-1442/2016 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging".

## 8.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogeleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye aktivitetar internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan vise til at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogeleg.

## 8.3 Spesifikt energiforbruk

Verksemda skal berekne energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. punkt. 10.5.

# 9 Avfall

## 9.1 Generelle krav

